

Møtereferat

FAU
Sund Ungdomsskule

Dato: 15.02.22
Møteleder: J. Håkonsund
Referent: Gro Spilde



	Representant		Vara	
8A	Cecilie R. Olsen		Helena V. Johnsen	
8B	Silje-Margrethe T.Austevoll		Hanne Hansen	
8C	Anette Hammersland		May Helen Hammersland	
8D	Camilla Brodahl		Elin Bjerkehagen	X
8E	Elin Øvretveit		Renate Ågotnes	X
9A	Silje Drange Hesvik		Kjersti Golten	
9B	Silje Eikeseth		Anette Aspevik	
9C	Charlotte Linge	X	Henriette Høyland	
9D	Jimmy Kennet Håkonsund	X	Ann-Kristin Øistad-Håkonsund	
10A	Gro Spilde	X	Inger Marie V.Jakobsen	
10B	Sissel Skaar		Kari Kleppe Kilen	X
10C	Anne Julie Gullaksen	X	Åshild R. Hammersland	
10D	Rune Erichsen		Charlotte Tveit Hansen Kausland	
Rekt.	Anne Hufthammer	X		
Rådg				

1. Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste godkjent.

2. Godkjenning av møtereferat 16.11.22

Møtereferat frå 16.11.22 godkjent.

3. Orientering frå SU-møte

- elevrådet fått stadfesta at det blir skuletur våren 2023.
- helsesjukepleiar-situasjonen er enno ikkje heilt avklart.
- rektor fått tak i arkitekt som skal teikne korleis uteområdet kan bli på sikt.

4. Evt «nytt» frå rektor

- Skuletur 10.trinn; budsjettet tilseier at årets 10.trinn får tur til våren; max 3 timar frå Straume og med ei-to overnattingar.
- Evaluering av juleball;
 - god omsetning, men dårleg inntjening.
 - trengs vaktar i gymsal for å hindre klatring på scena.

- ipad må ha straum og eiga mappe med varer til kiosk.
- kiosk flyttast til trappa opp mot 300-gangen.
- elevrådet må ha klart eit budsjett for å spare på kostnader.
- Utfordrande elevsaker;
 - stygg språkbruk.
 - dårleg oppførsel på skulebuss; ynskjeleg at foreldra snakkar med borna sine (Rektor sendt melding i Transponder).
 - filming og bildedeling på fritida - blir konflikter på skulen på grunn av dette. God kontakt med Politiet.
 - skulevegring i kjølvatnet av pandemien; skulen er på saka og har innført tiltak.
- Lingdys tatt over Appwriter og Txtanalyser som tidlegare har vore tilgjengeleg på alle chromebooks. Dei gode funksjonane er borte, og kun tilgjengeleg for elevar med dysleksi, då desse har tilgang til Lingdys+.
- Det skal utlysast stilling som miljøterapeut/retteleiar på alle ungdomsskulane i kommunen.

5. Utomhusareala

- Rektor visar førebels arkitektteikning for korleis området utomhus kan sjå ut på sikt.
- Thomas, lærar v/Tømmerlinja på SVS, seier dei kan bidra med å laga benkar og bord allereie etter påske.
- Drift vil hjelpa til viss det trengs, med til dels graving.
- FAU søker om midlar sone for sone i samband med arkitektteikninga.
- Kanskje kan dei tilhøyrande grendalaga bidra med dugnad eller søkje på vegne av SUS?
- Rektor høyrer med Drift om krav til slokningsområder for brann.

6. Helsesjokepleiar

- Framleis sjukemeld og kun tilgjengeleg til å gjere det aller mest naudsynte.

- FAU-leiar føl opp vidare etter å ha motteke eit brev som vart mottatt; her vart det ikkje svart på det eigentlege spørsmålet, men referert til det vi allereie visste(40% stilling + lege 10%).

7. Romsituasjonen

- Skulen får to nye arbeidsstasjonar på kjøkenet.
- Skulen er forberedt på at dei må gjere musikkrom om til klasserom frå neste skuleår.
- FAU-leiar tar bilete av garderober og gymsal, og sendar bekymringsmelding til kommunen.

8. Eventuelt

- Ynskjeleg å få innkalling til FAU-møte tidlegare.
- Bekymringsfullt at halvparten av elevmassa har valgt bokmål som hovudmål. Mangel på lærebøkar på nynorsk.
- FAU sjekkar opp i om det er nokre forbund som kan bidra med støtte til uteområdet; som til dels ein basketbane.
- FAU sjekkar opp fleire fond som ein kan søkje støtte frå.
- Kan lokale entreprenørar/firma søtte med materiale?
- Bruk av merknadar bør vurderast likt på tvers av lærarar og trinn; rektor seier at dette er noko som jamnleg tas opp.
- Dersom noko er galt med chromebook må den leverast inn til reparasjon; skriv gjerne noko om kva som er galt i Transponder.

Neste møte er 26.april

Referent: Gro Spilde